

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------------|--------|------------|
| Anne Kristin Rafoss | FE-014 | 23/930 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 060/2023 | Kommunestyret | PS | 26.10.2023 |

Val av kontrollutval for valbolken 2023 - 2027

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutval for valbolken 2023 – 2027 er:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I kommunelova § 7-1 går det fram at når det er avgjort at kommunevalet er gyldig, skal formannskap, ordførar, varaordførar og kontrollutval veljast. Lova fastset og at kontrollutvalet skal veljast i det konstituerande møte og legg opp til at dette valet skal gjerast etter val av formannskap, ordførar og varaordførar men før val av andre folkevalde organ

Kontrollutvalet trer i funksjon frå det konstituerande møtet, jf kommunelova § 7-1, 4.ledd.

Kontrollutvalet er eit utval etter kommunelova § 7-2 og det er reglane for val av medlemmer til dette utvalet som gjeld.

Fakta

Etter kommunelova § 23-1 1.ledd vel kommunestyret sjølv eit kontrollutval som på vegne av kommunestyret har det løpende tilsynet med forvaltninga i kommunen.

Andre ledd slår fast at kontrollutvalet skal ha minst 5 medlemmer og at minst eitt av medlemmene skal velgast blant kommunestyret sine medlemmer. Kommunestyre sjølv vel leiar, nestleiar og øvrige medlemmer og varamedlemmer til kontrollutvalet. Leiar i kontrollutvalet kan ikkje høyre til same parti som ordførar.

Utelukka frå val til kontrollutvalet er lista i Kommunelova § 23-1, 3.ledd og er blant anna:

- ordførar og varaordførar
- medlem og varamedlem til formannskapet
- medlem og varamedlem til folkevald organ med avgjerdsmynde

- tilsette i kommunen

Kontrollutvalet sine oppgåver finn ein i [Forskrift om kontrollutval og revisjon](#).

Vurdering

Når det gjeld varamedlemmer har Masfjorden kommune dei siste tre periodane vald desse i prioritert rekkefølgje i staden for som personlege vara til kvart medlem. Grunngjevinga for den innarbeidde praksisen er at det gjer meir stabilitet i Kontrollutvalet når same vara får innkalling uavhengig av kven av medlemmene som melder forfall.

Konklusjon

Kommunestyret - 060/2023

KS - behandling:

Geir Egil Haugsvær (Sp) ba om at kontrollutvalet vart valt ved forhåndstalsvalg og las opp følgjande forslag til leiar, nestleiar og medlemmer i kontrollutvalet og varamedlemmer i prioritert rekkefølgje:

Kontrollutvalet for valbolken 2023 - 2027 er:

leiar: Ragnvald Tangedal (Ap)
nestleiar: Tove Kristin Sleire Tistel (V)
medlem: Gunnar Andvik (H)
medlem: Wenche Dåe (Sp)
medlem: Torstein Myrvang-Rørvik (FrP)
1.vara: Berit Lygre (Ap)
2.vara: Alf Magnar Strand (V)
3.vara: Ivar Sleire Tenjum (H)
4.vara: Rigmor Søvik (Sp)
5.vara: Janne Judith Kvamsdal Sandnes (FrP)

Framlegg til vedtak frå Sp vart samråystes vedteke.

KS - vedtak:

Kontrollutvalet for valbolken 2023 - 2027 er:

leiar: Ragnvald Tangedal (Ap)
nestleiar: Tove Kristin Sleire Tistel (V)
medlem: Gunnar Andvik (H)
medlem: Wenche Dåe (Sp)
medlem: Torstein Myrvang-Rørvik (FrP)
1.vara: Berit Lygre (Ap)
2.vara: Alf Magnar Strand (V)

3.vara: Ivar Sleire Tenjum (H)
4.vara: Rigmor Søvik (Sp)
5.vara: Janne Judith Kvamsdal Sandnes
(FrP)